

La månen lokke deg inn

Trude Håvardstun & Arne-Helge Byrknes

Am

1 Eg kan sjå deg trøytne av strevet

G

at du går gjennom dagen med

C G

blytunge steg.

Dm C - Am

Eg kan kjenne handa di beve

Dm Am

lik ospa når haustlauva dreg,

G E7 Am

lik ospa når haustlauva dreg.

Am

2 Eg kan sjå deg grave i steingrunn

G C G

at sorgene dine er høge som fjell.

Dm C - Am

Eg kan kjenne bøna om miskunn

Dm Am

lik døyande tre før det fell,

G E7 Am

lik døyande tre før det fell.

Refreng:

Dm Am

Berre ligg heilt inntil meg no

G E

eg skal halde deg fast og gje deg min
ro

Fmaj7 - Dm7 E7

og la månen lokke deg inn,

E Am

og la månen lokke deg inn.

Am

4 Eg kan sjå deg gråte ved fossen

G C

at du står framfor stupet og kjenner

G

du vil.

Dm C - Am

Eg kan sjå deg breste ved krossen

Dm Am

lik selja når knoppar vert til

G E7 Am

lik selja når knoppar vert til

Solo vers

Modulasjon

Cm
5 Eg kan sjå deg kjempe mot mørke
B Eb
at ein ljosberar framleis har plass i
B
ditt sinn.

Fm Eb - Cm
Eg kan kjenne tårene tørke,
Fm Cm
slik regndropen bleiknar i vind
B G7 Cm
slik regndropen bleiknar i vind

Cm
6 Eg kan sjå deg våge og vinne,
B Eb
at du trør utpå isen og kjenner han
B
ber.

Fm Eb - Cm
Eg kan kjenne kulda di svinne,
Fm Cm
lik bekken når frostnatta fer,
B G7 Cm
lik bekken når frostnatta fer.

Refreng:

Fm Cm
Berre ligg heilt inntil meg no,
B G
eg skal halde deg fast og gje deg min
ro
G#maj7 - Fm7 G7
og la månen lokke deg inn,
G Cm
og la månen lokke deg inn.